

KAFFIKROKEN

Eit rom ein fritt kan bruke til private selskap og samankomster. Her finst eit kjøkken der ein t.d. kan koke kaffi, steike vaflar eller lage mat. Ønskjer du å gje eit bidrag til trivsel på Stugu kan du vippse valfritt beløp til Vippsnr: **854917**

Kårstugu er eit lokale som kan leigast ved større samankomstar.

VERDISAKER

Vi tilrår ikkje at bebuarar oppbevarer store pengebeløp, ha derimot litt lommepengar til ulike aktivitetar. Desse kan låsast inn i safe på avdelinga. Vi gjer merksam på at avd. Stugu ikkje har erstatningsansvar for bebuarane sine private eigedelar. Gjenstandar av høg verdi tilrår vi difor at bebuarane ikkje har med seg.

BESØK

Her hjå oss er alle velkomne på besøk, dette gjeld også firbeinte. Men det må bli teke omsyn til andre bebuarar, som av ulike årsaker ikkje kan vere i kontakt med dyr. Ved enkelte høve er det fint om besøkande nyttar bebuar sitt rom, av omsyn til andre.

TV

Det er mogleg å ha eigen TV på rommet. Hugs å seie opp eigen lisens, då vi har felles lisens for alle på avdelinga. Nr: 206 346 885



KONTAKTINFO

Besøksadresse:
Helsetunvegen 17
3570 Ål

Tlf. avd. Stugu: 32 08 52 20

Tlf. avd. leiar: 32 08 52 22

postmottak@aal.kommune.no

Meir info: www.aal.kommune.no



VELKOMEN TIL OSS PÅ AVDELING STUGU

- Ein god stad å vera -



KVEN ER VI?

Avd. Stugu er Ål kommune si langtidsavdeling ved Ål Helsesenter. Her er det 33 plassar fordelt på fire grupper:

- Framstugu - 10 plassar
- Nystugu - 7 plassar
- Veslestugu - 5 plassar
- Storestugu - 11 plassar

FRISØR OG FOTPLEIAR

Vi har tilgjengeleg frisør og fotpleiar. Merk at desse tenestene ikkje er inkluderte i vederlagsbetalinga.

GRATIS TANNBEHANDLING

Alle bebuarar ved Ål Helsesenter har tilbod om gratis tannbehandling gjennom Ål tannklinikk. Avdelinga har jamnleg besøk av tannpleiar, som utfører kontroll av dei som ynskjer dette.

SJUKEHEIMSLEGE

Ål Helsesenter har sjukeheimslege med faste visitt dagar. Vi tilbyr årlege tilrådde vaksiner til alle bebuarar.

TRIVSELSKOORDINATOR

Har ansvar for organisering av kultur, frivilligheit og aktivitetar. Her er det samarbeid med fleire instansar i og utanfor kommunen, og ein veksande gjeng med frivillige. Målet er å skape innhald og meining i kvardagen.

AVDELING STUGU

Vi tilbyr heilskapeleg og tverrfagleg pleie, omsorg og behandling for god livskvalitet.



SAMARBEID OG DIALOG

PRIMÆRKONTAKTSYSTEM

Som ny bebuar får ein tildelt ein primærkontakt som har ekstra ansvar for å følgje opp i kvardagen. Gjennom dette ønskjer vi å skape samarbeid og god dialog mellom alle partar.

PÅRØRANDESAMTALE

Vi tilbyr pårørandesamtale etter årsundersøking. Her møter lege, primærkontakt, sjukepleiar og ev. avdelingsleiar. Det er fullt mogleg å be om samtale fortløpande ved behov.

SAMHANDLING

Vi set pris på at pårørande er med på sosiale aktivitetar. Kom gjerne med forslag som kan bidra til å gjere dagane mest mogleg innhaldsrike for den enkelte bebuar.

ANNA INFORMASJON

VASKERI

Det er vaskeri ved Ål Helsesenter. Alt tøy som skal bli vaska her, må vera merka med namn. Merkelappar kan bestillast på net. Vi tilrår klede som tåler hyppig vask og 40-60 grader. Privat vask av ull og anna tøy som treng finvask tilrås. Sørg då for eigen skittentøyskorg på rommet.

TOALETTARTIKLAR

Avd. Stugu har standard kremar, sjampo og såpe. Tannbørste, protesebørste og tannkrem må bebuaren halde sjølv. Dersom det er ønske om andre typar artiklar, må de ordne det privat.

PERSONLEG INVENTAR

Ta gjerne med t.d. godstol, bokreol, bilder osv. Men romma er små, og det må vere plass til å utføre reinhald og ev. bruk av hjelpemidlar. Drøft gjerne dette med avdelinga fyrst.

